



ARKITEKTHAGEN

«Navn»  
«Adresse»  
«Poststed»

Telefon 97 08 61 92  
E-post thh@arkitekthagen.no  
Web www.arkitekthagen.no  
Org nr 918 088 016  
Adresse Torget 3  
Postnr 3570 Ål

Deres ref.:

Vår ref.: 2022- 003 - THH


Ål: 27.05.2022

### **KUNNGJERING FOR OPPSTART AV PLANARBEID: DETALJPLAN SLÅTTEMYRBEKKEN BFR 15 og 16 - TURUFJELL .**

I samsvar med plan- og bygningsloven § 12-1, § 12-3 og § 12-8 vert det varsla oppstart av detaljplan for "Detaljplan Slåttemyrbekken BFR 15 og 16 - Turufjell" i Flå kommune. Planarbeidet vert sett i gang på vegne av Turufjell AS og utført av Arkitekthagen AS.

**Overordna plan:** Gjeldande reguleringsplan for området er «Områdeplan for Turufjell» vedtatt i kommunestyret sak 57/17 den 17.08.2017 er området sett av med formåla;

- LNF
- Fritidsbebyggelse
- Kjøreveg
- Annen veggrunn-  
grøntareal



Biletet syner utsnitt av områdeplan for Turufjell med avgrensing i svart

**Planområdet:** Er på om lag 458 daa og ligg på eigedom med gards- og bruksnummer 10/12. Plangrensa omfattar felta BFR 15 og 16, grøntstruktur og delar av skianlegg BSA1. Plangrense mot sør og vest er lagt i senter veg og i Slåttemyrbekken. I aust fell plangrense saman med opparbeidd alpinnedfart, mot nord er det sett ei avgrensing som det er lett å legge seg mot med seinare planar.

**Omsøkt arealbruk:** Forslagsstiller Turufjell As ynskjer å detaljere felta BFR 15 og 16 i områdeplan for Turufjell. Områda ligg vest for skianlegg BSA1 i områdeplan og er sett av til fritidsføremål.

I områdeplanens §3.1 er den anslåtte utnyttinga for kvar av områda sett opp med 105 einingar for BFR15 og 20 einingar for BFR16. Samla tal fritidseiningar for områda innan avgrensninga er 125 stk.


Det er skrive at tabellen er rettleiande og det kan gjerast omdisponeringar mellom felta. Endeleg tall på einingar vil bli sett gjennom vurderingar og utarbeiding av planen. Hyttemarknad er i konstant bevegelse, ein ser at det er etterspørsel etter andre typar einingar enn den tradisjonelle frittliggende hytta på eige tomt. Det kan derfor vere aktuelt i deler av område og legge tilrette for tomter med fleire fritidseiningar i same bygningskropp, eller fleire mindre frittstående einingar på same tomt.

Tiltaket helheit er vurdert gjennom ein grundig prosess i overordna plan. Gjennom detaljering av områda vil det bli gjort lokale vurdering der det blir tatt omsyn til blant anna myrer, små tjern, framtrekande landskapsformasjonar osv.

Staden er gjennom områdeplan tidlegare konsekvensutreda. Ein vurderer planlagt tiltak innanfor planområdet til ikkje å ha vesentlege verkingar for miljø og samfunn og at tiltaket dermed ikkje fell inn under kriteria i forskrift om konsekvensutredningar.

Ut over Ros-analyse vil følgjande tema bli omhandla i planen; Grunnforhold, landskap, biologisk mangfold, kulturminner, vatn, myr, friluftsliv, skiløyper, landbruk, skogbruk, støy, forureining, fare for flom, ras og skred, trafikk, høve knytt til bygging på tomter, tekniske infrastruktur, VA-løysning, energibruk, renovasjon, omsyn til barn og unge, universell utforming og bærekraft.

Rekkefølgjekrav til områdeplan seier at: *Før det vert gjeven IG på eining nr. 420 (byggetrinn 1) skal det føreligge ny trafikkvurdering for trafikkbelastninga området har på rv.7. Med den utbyggingstakten ein ser i området vil det vere aktuelt at ny trafikkvurdering vil følgje detaljplan Slåttemyrbekken BFR15 og 16 - Turufjell.*



Kart med planavgrænsing

Eventuelle merknader og spørsmål til planarbeidet må gjerast innan **08.07.2022** til:

**Arkitekthagen AS, Torget 3, 3570 Ål**

Kontaktperson: Torstein Haug Hagen - tlf. 97 08 61 92  
e-post: thh@arkitekthagen.no

Med venleg helsing  
**Arkitekthagen AS**

T H Hagen

Torstein Haug Hagen  
Arkitekt MNAL

Adresseliste:

Matrikkelnr.	Navn	Adresse:	Postadresse
10/5	Hilde Ole	Austsidevegen 121	3539 Flå
10/1	Heggliid Gina-Borghild	Birtedalsvegen 507	3870 Fyresdal
	Statsforvalteren i Oslo og Viken		sfovpost@statsforvalteren.no
	Statens vegvesen		firmapost@vegvesen.no
	Viken fylkeskommune		post@viken.no
	Mattilsynet		postmottak@mattilsynet.no
	NVE Region Sør		rs@nve.no
	Hallingdal Kraftnett		firmapost@hallingdal-kraftnett.no
	Hallingdal Renovasjon IKS		firmapost@hallingdalrenovasjon.no
	Hallingdal brann- og Redningstjeneste IKS		post@hallingdal-brannvesen.no
	Forum for natur og friluftsliv Buskerud c/o DNT Drammen og Omegn		buskerud@fnf-nett.no
	Naturvernforbundet i Buskerud		buskerud@naturvernforbundet.no
	Flå kommune		postmottak@flaa.kommune.no
	Turufjell Vel		stig@paulsen.pm